

# Opplevingar å ta med heim

## Turar du kan få med deg under regionkonferansen i juni.

### Tur 1. Historisk tur rundt Hafrsfjord

Stavanger og området rundt Hafrsfjord er rikt på historie. Like sidan eldre steinalder til har det budd folk i dette området. Det er derfor mange historiske minne å vise fram.

Bli med på tur i norgeshistoria. Vi startar med lunsj og omvising på den flott restaurerte Jernaldergarden på Ullandhaug. Neste stopp er «Sverd i fjell» - minnesmerket for «Slaget i Hafrsfjord». Turen går så forbi Ytraberget der taparane av slaget rømde i land, til høvdingsetet på Sola med bautaane av Erling Skjalgsson og kona Astrid Tryggvesdotter. Her skal vi besøke Sola Ruin kyrkje – bygd opp stein på stein etter at den var riven av den tyske okkupasjonsmakta under siste verdskrigen. Kanskje får vi tid til å sjå vikingkorsa på Tjora. Til slutt tar vi våre gjester med til «Brutt lenke», minnesmerket over Alexander Kielland-ulukka i Nordsjøen.

Vi har fått vår eigen Per Inge Ruud, kunnskapsrik og flink formidlar av historia, med som guide på turen.

### Tur 2. Utstein Kloster og Utstein Pilegrimsgard

Turen går gjennom den undersjøiske Byfjordtunnelen til Mosterøy. Etter ca. 30 minuttar er vi framme ved Utstein Pilegrimsgard.

Her går halvparten av reisefølget av. Dei blir møtt av ein gjeng frivillige medarbeidarar. Her blir det lunsj og ein orientering om aktiviteten på staden. Pilegrimsgarden er eit sentralt stopp på Kystpilegrimsleia (frå Egersund til Trondheim).

På denne stillheitens plett vil det vere tid til å rusle litt rundt og føle på atmosfæren.

Resten av gruppa reiser vidare til Utstein Kloster. Det ligg berre nokre hundre meter lenger ute på øya. Her blir vi tatt imot og får ein profesjonell omvising i klosteret og kyrkja. Utstein kloster er det best bevarte klosteret i Norge og kyrkja er framleis i aktiv bruk.

Etter halvannan time bytter dei to gruppene plass slik at alle får med seg både Pilegrimsgarden og Utstein kloster.

Begge turane startar frå Ynglingen laurdag kl. 1145 etter Sven Egil Omdals foredrag. Det er planlagt berre ein buss på kvar tur. Derfor «den som er først til mølla», så ver rask med å melde deg på. Prisen per tur inkludert lunsj og omvising er kr 600.

For ordens skuld – turane er ikkje lagt opp for brukarar av rullestol.

Sola

Joar Oltedal  
Komiteleiar